

Representantskapet  
Styret i Stiftinga Kystkultur no!

Bergen, 20. april 2021

## **Innkalling til representantskapsmøte i Stiftinga Kystkultur no!**

I samsvar med vedtektene vert det med dette kalla inn til årsmøte i representantskapet for Stiftinga Kystkultur No!

Stad: Digitalt møte på Zoom, møteid: 884 0414 2374, passord: 202103  
Dato: Tysdag 25. mai klokka 10.00-11.00.

01/21 Godkjenning av innkalling

02/21 Val av ein representant til å signera møteboka i tillegg til møteleiar og referent

03/21 Årsmelding 2020

04/21 Årsrekneskap 2020

05/21 Dagleg leiar orienterer om planar for verksemda til stiftinga

06/21 Ordskifte: Vegen vidare for stiftinga

07/21 Ymse

Sakspapira vert ettersendte på e-post seinast ei veke før møtet.

Me ber om at så mange som mogleg møter fram, eventuelt gjev fullmakt slik at kommunen vert representert. Gje tilbakemelding om de kan kome eller ikkje til dagleg leiar så snart som råd.

Venleg helsing  
Per Lerøy  
Leiar representantskapet

Kjell Magnus Økland  
dagleg leiar, Stiftinga Kystkultur No!  
+47 95 04 67 39 [post@kystkultur.no](mailto:post@kystkultur.no)

**Kystkultur er sunt, året  
rundt på [kystkultur.no](http://kystkultur.no)**

# Stiftinga Kystkultur no!

## Årsmelding for Stiftinga Kystkultur for 2020

Stiftinga Kystkultur no! er ei vidareføring av Kystsogevekene, som vart starta opp i 1997.



### Styre

Periodar for styremedlem følgjer også i etterkant av kommune og fylkestingsval. I løpet av 2020 har eit nytt styre avløyst det gamle styret, som har sete frå 2016. I det avtroppande styret har Børge Haugetun vore styreleiar. Elles har styret hatt fylgjande samansetning: Beate Husa (Hordaland fylkeskommune fram til mai 2019). Ho vart så avløyst av Tor Andre Ljosland (Hordaland/Vestland fylkeskommune). Vidare har Hallvard Oppedal (ordførar Gulen kommune), Nina Bognøy (Varaordførar i Lindås kommune og Jorunn Skåden (ordførar i Sveio kommune) sete. Vararepresentantar har vore Olav Kvinge og Wenche Tislevoll. Det er representantskapet i stiftinga som vel styret og på årets representantskapsmøte vart det valt nytt styre for perioden 2020-2024:



Det nye styret i Stiftinga Kystkultur No! frå venstre: Sara Hamre Sekkingstad (styreleiar), Erik Vangsnes, Kristine Dahl og Symphorien Pombe. Gaute Epland var ikkje til stades då biletet vart teke.

Styreleiar: Sara Hamre Sekkingstad (ordførar Alver kommune), Symphorien Pombe (Vestland fylkeskommune), Kristine Dahl (kommunalsjef kultur og samfunn), Gaute Epland (ordførar Stord kommune, Erik Vangsnes (kultursjef Bjørnafjorden kommune), Varamedlemmer: Vivian Steinsland (for kommunane) og Thore Helland (for fylket). Leiaren for representantskapet, Per Lerøy, har møte- og talerett i styret, men ikkje stemmerett.



**Frå representantskapsmøtet på Bergens Sjøfartsmuseum 3. juni. Framme til venstre er Lilli Ingvaldsen godt i gang med ein interessant omvisning oppe på dekk i andre etasje.**

### **Representantskapet**

Også representantskapet følgjer kommune og fylkestingsval, og representantane vert utnemnt av sin kommune i etterkant av valet. Det nye representantskapet sit for perioden 2020-2024. Kvar kommune, og fylkeskommunen vel eit medlem til representantskapet. Per Lerøy var leiar i perioden 2016-2020 og tok attval som leiar, medan Bente Bondhus vart avløyst av Nina Bognøy som fylkeskommunen sin representant og nestleiar i stiftinga sitt representantskap. Representantskapet for Stiftinga Kystkultur no! 2020-2024 ser dermed slik ut:

Vestland fylkeskommune: Nina Bognøy (nestleiar), vara Helge Monsen

Alver	Sara Sekkingstad	vara Øyvind Oddekalv
Askøy	Siv Høgtun	vara Roald Steinseide
Askvoll	Ole André Klausen	vara Gunnar Osland
Austevoll	Kristin Magnussen	vara Jeanette Heggen
Austrheim	Per Lerøy (leiar)	vara Inger-Lise Brekke
Bergen	Katrine Nødtvedt	vara Torill Mjelva Saatvedt
Bjørnafjorden	Erik Vangsnes	
Bømlo	Endre Barane	vara Ragnfrid Sønstabø
Fedje	Stian Herøy	vara Bjørn Solbakk
Fitjar	Harald Rydland	vara Sigurd André Maraas
Fjaler	Kjetil Felde	vara Leif Jarle Espedal
Gulen	Bjarte Undertun	vara Beate Haugland
Hyllestad	Kjell Eide	vara Geir Helge Nordstrand
Kinn	NN	
Kvinnherad	Hans Inge Myrvold	vara Hilde Enstad
Masfjorden	Karstein Totland	vara Torill Torsvik Størkersen
Modalen	Kjetil Eikefet	vara Ann-Jorunn Farestveit
Osterøy	Hjalti Heimir Gislason	
Samnanger	Knut Harald Frøland	vara Øyvind Røen
Solund	Gunn Åmdal Mongstad	vara Anne Marie Gåsvær Færøy
Stad	Siri Sandvik	vara Geir Årvik
Stord	Gaute Epland	vara Jakob Bjelland
Sveio	Linn Therese Erve	vara Ruth Grethe Østebøvik Eriksen
Tysnes	Kåre Martin Kleppe	vara Arne Leithe
Øygarden	Vivian Steinsland	vara Vidar Klepsvik

## Representantskapsmøte

Det var halde årsmøte i representantskapet i stiftinga 3. juni på Bergens Sjøfartsmuseum på Nygårdshøyden i Bergen. Møtet opna med at Lilli Ingvaldsen, konservator og formidlar ved Bergens Sjøfartsmuseum, gav ei kort orientering om Bergens Sjøfartsmuseum. På møtet kunne ein få videohelsing frå ordførar i Kinn kommune, Ola Teigen, som kunne gle forsamlinga med at Kinn kommune har gjort vedtak om innmelding i stiftinga. Forutan vanlege årsmøtesaker vart styret sitt framlegg om innføring av medlemsavgift grundig drøfta og vedteke med stort fleirtal. Erik Vangsnes skreiv under på protokollen i tillegg representantskapsleiar Per Lerøy, og dagleg leiar Kjell Magnus Økland, som skreiv referatet.



Stiftinga har kontorplass i Vestland fylkeskommune sitt kontorbygg på Sandsli.

## Styremøter

Styret i stiftinga har i 2020 har hatt tre møter: 13. mars, 16. juni og 20. november. Det er handsama 25 saker. Møta er haldne i Sandslihaugen 30, på Byfjorden i Bergen i seglbåten til Kjell Magnus Økland og på Zoom. Styret har mellom møta hatt kontakt i enkelte spørsmål. Styreleiar og dagleg leiar har jamleg kontakt gjennom året.

## Administrasjon

Kjell Magnus Økland har arbeidd i stillinga som dagleg leiar for stiftinga sidan januar 2017. Administrasjonen har i 2020 fått ny kontorplass i Vestland fylkeskommune sitt bygg på Sandslihaugen 30. Grunna koronasituasjonen har mykje av arbeidet etter 12. mars gått føre seg på heimekontor. Grunna ein planlagt operasjon i ein fot var dagleg leiar sjukemeld på hausten i ein periode på 12 veker.



Styreleiar Sara Hamre Sekkingstad og dagleg leiar, Kjell Magnus Økland.

## Kontakt med kommunane og arrangørane

Gjennom året har dagleg leiar kontakt med eit vidt spekter av personar i medlemskommunane. Nokre stader er kontaktpersonane koordinatarar i kommunane, medan andre stader er det direkte kontakt med arrangørar. I tillegg til telefonkontakt, informasjon og e-post har dagleg leiar også hatt reiser til og møter med personar eller grupper i vel halvparten av kommunane. Denne kontakten er svært viktig, då det gjer høve til å verte meir kjent, og drøfte og prate kring ulike sider ved både stiftinga, arrangementa og ikkje minst utveksla idear. Møta gjer også at det vert lettare å ta kontakt via telefon, epost, sms eller chat gjennom heile året. Det kan likevel ikkje stikkast under ein stol at 2020 vart eit svært annleis år grunna koronasituasjonen. Det aller meste av arrangement og aktivitetar laut innstillast og svært mykje av kulturlivet har vore sete på vent gjennom størstedelen av året.



Reportasje i Bergensavisen 16. mai 2020 i samband med dåp av Kvernbit IL sine to nye seksrøingar på grunnlovsdagen. Gudmødre var til venstre Mathilde Gabrielsen Vikene frå Forbundet Kysten og fylkesvaraordførar i Vestland fylke, Natalia Golis.

Normalt plar dagleg leiar å ta del i mange av arrangementa, og deltek aktivt på kystkulturarrangement mange helgar og kveldar i løpet året. Dette for å få førstehands kjennskap til arrangementa, og samstundes få innspel frå arrangørane og publikum. Under og i etterkant av arrangement som dagleg leiar har vore til stades på vert det oftast posta bilete og reportasje på [www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no) og på sosiale media. Grunna koronasituasjonen har denne aktiviteten sjølvstøtt vorte redusert i 2020.



I mars var dagleg leiar på ein fire dagars turne i Stad, Bremanger, Kinn, Askvoll, Fjaler, Hyllestad, Gulen og Solund. Dette vart gjennomført møter med ulike aktørar på dagtid og kulturkveldar i samarbeid med Folkeakademiet Sogn og Fjordane på kveldstid. Den siste kvelden på Hardbakke i Solund laut sjølvstøtt avlyst grunna den nasjonale nedstenginga, som vart kunngjort same dag.

## Innsats på mange frontar gjennom året

Dagleg leiar er involvert i ei rad ulike kystkulturaktørar sine organisasjonar. Han sit i styret for Torgdagen og Johannes Kleppeviks Minnepris. Her deltek han på styremøter, er vevmakar og kystkultur.no er digital vert for både desse organisasjonane. Vidare er han medlem og vevmakar for Shetland Race-komiteen og vevmakar for Vestland Seilkrets. For Vestland Fylkeskystlag er han styremedlem, vevmakar og redaktør for Årebladet som vert produsert to gongar årleg med om lag 30 sider A4-format. Vidare er han styreleiar for Fanafjorden Tradisjonssegling. Utover dette har året ført til ein del dialog, korrespondanse og møter kring Kystpilegrimsleia, Kystordverket, fjordabåtane og fellesnaust.



Båtmessa Dra til sjøs i Sotra Arena i februar vart brukt for å prøva ut arrangementsvisningar på storskjerm. Kystkultur.no sette saman ei lita foredragsrekke under båtmessa. Informasjon frå Kystkultur.no om dei ulike foredraga vart køyrt på storskjermar rundt på messeområdet.

## Camp Oselvar

I juli stod Kystkultur.no som medarrangør for Camp Oselvar i lag med Fanafjorden Tradisjonssegling og Forbundet Kysten/UNG. Frå 13. juli til 16. juli var det stor aktivitet på Hordamuseet inst i Fanafjorden i Bergen. 13 deltakarar i alderen 15-25 år frå ulike delar av Norge og Danmark møttest for å læra seg å segla Oselvar. Dette var ein ungdomsleir som la vekt på opplæring i båtbruk, særleg segling, men òg årer og båtbygging vart tematisert. Deltakarane budde i telt på Hordamuseet og det vart brukt både færing og seksæring rigga med sprisegl og råsegl. Arrangørar: Fanafjorden Tradisjonssegling, Forbundet Kysten/Ung og Kystkultur.no



## Sunnivaseglasen

Av meir praktisk retta arbeid gjekk det med ein del tid på vårparten til planlegging, søknadsskriving, koordinering og synfaringstreiser i forkant av Sunnivaseglasen, der dagleg leiar var prosjektleiar. Sjølve seglasen vart gjennomført frå 28. august til 5. september og ein var såleis svært heldig som fann ei luke i koronarestriksjonane. Det var historiske farkostar som segla sørover langs Kystpilegrimsleia for å markera at det i 2020 var 850 år sidan flyttinga av Sta. Sunniva sine levningar frå Selja til Bergen. Ved at skrinet kom til Kristkyrkja i Bergen vart byen ein valfartstad for pilegrimar, og byen sin prestisje og stilling vart styrka.



Undervegs på ferda var det gudstenester og ikkje minst ute-undervisning om miljø og bærekraft for ungdomsskular, ved FN-sambandet i Bergen. Kvar natt overnatta Sunniva-skrinet i dei ulike kyrkjene. I tillegg var det lokalt kulturelt program med lokale aktørar og innslag frå Sunniva-seglasen. Med på ferda var fire ungdomspilegrimar: Elisabet Osdal protestant frå Selje), Dina Øien (protestant frå Florø/Kinn), Victoria Lid (ortodoks frå Os/ Bjørnafjorden) og Sunniva Aadland Høen (katolikk frå Oslo/Selja).

I Bergen enda ferda med opninga av Bergen regionale pilegrimssenter. Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fylka og bispedøma langs kysten frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Sunnivaseglasen kom i stand etter initiativ frå Stad kommune, Bjørgvin Bispedøme og Kystkultur.no. På nettsida [www.sunnivaseglas.no](http://www.sunnivaseglas.no) finn du meir info om seglasen, program, multimedia og mykje mediestoff om ferda.



### Skuleprosjektet Snakkast På Fjorden

Snakkast på fjorden er eit ein-dags undervisningsopplegg for inntil 100 elevar per dag for grunnskulen med kombinasjon av kultur, strandrydding, miljøvern og folkeopplysning. Undervisninga skjer i, ved og på fjorden. Prosjektet er kome i stand via aktiviseringsmidlar til frilufslivsføremål frå Miljø- og klimadepartementet, løyvd av Vestland Fylkeskommune. Prosjektet er eit samarbeid mellom Bergen og Omland Friluftsråd, FN-sambandet i Bergen, Coastering AS, Redningsselskapet og Kystkultur.no! I løpet av hausten i perioden september-november har 12 skular delteke, slik at 1500 elevar og vel 80 lærarar fekk vera med på Snakkast på fjorden. På arrangørsida involverer prosjektet vel 30 personar. Altså involverte prosjektet totalt om lag 1600 personar.



Eit snakkast på fjorden-møte mellom seksæring, jekt og havsegjar. Skuleelevar frå Austebygd skule på Radøy møter Sunnivaseglasen utanfor Sletta kai 3. september.



Norges Fiskerimuseum og Bergen Kystkultur-senter i Sandviken var arena for det meste av aktiviteten under Snakkast på fjorden i 2020. Her er det elevar frå Rothaugen skule som sym i fjorden. Foto: Tom Hjertholm (BA).

Skuleopplegget rettar seg særleg mot elevar frå ungdomsskulen. Fylgjande aktivitetar vart i år brukt: segling med havsegjar, roing/segling/fiske med tradisjonsbåtar, coasteering/vanntryggleik/livredning frå Coasteering og Redningselskapet og ulike stasjonar på land om miljøvern, plastproblematikk og bærekraftsmåla til FN-sambandet.





### Arrangementsstøtte

Tilskot til arrangørar kjem frå eksterne midlar der Grieg Foundation bidrar med 100 000 kr. Fordelinga av desse midlane vart fordelte av dagleg leiar ettersom dei få søknadane kom inn. Fem søknader søkte om samla sum 50 000 kr. Oversyn over fordelinga finst på [www.kystkultur.no](http://www.kystkultur.no) → Vil du bidra? → Arrangementsstøtte. Dei resterande 50 000 kroner vart brukt til utgifter i samband med Sunnivaseglasen. Den økonomiske støtta frå stiftinga er kjærkomen og inspirerande for dei lokale arrangørane. I tillegg til tilskota frå Grieg Foundation har stiftinga avtale med Folkeakademiet i Hordaland om arrangementsstøtte til kystkulturkveldar på biblioteket, men dette har ikkje vore mogleg å gjennomføra i 2020 grunna koronasituasjonen.

### Videoar

Stiftinga har sidan 2018 hatt godt samarbeid med Vardetangen Film/Roy A Nilsen som fotograf/kameramann/redigerer. I 2020 er det blitt produsert ca. 30 filmar totalt. Filmene vert publisert på Youtube og Facebook. Mange av desse har nådd ut til fleire tusen sjåarar og dette er ein god måte å nå tak i folk i alle aldrar på. I tillegg til dei større filmene høyrer det med eit større tal småfilmjar som hjelper andre aktørar i deira arbeid, som til dømes facebook-reklamar for arrangement og fotografering/framleiting av relevante bilete til marknadsføringa av arrangementa.




Reportasje frå Øygarden kommune sin julesongtevling der Linda Ekeland vann med songen *Øyfolkets jul*. Teksten er skriven av Trond Ågotnes og musikken komponert av Hermund Rebnord.

## Digital utvikling

Gjennom heile året har det vore arbeid med utvikling og utprøving av det tekniske kring Kystkultur.no. Båtmessa i februar var testarena for visning av arrangement på storskjerm. Vidare har Vestland Seilkrets (VSK) si terminliste vore presentert som innebygd innhald på både seglkrinsen si vevside samt Milde Båtlag, Bergens Seilforening og Askøy Seilforening sine nettsider. VSK si terminliste rommar vel 200 arrangement og visningane har gått problemfritt gjennom heile 2020. Vidare fekk ein prøvd ut mange funksjonar kring visning av både posisjon i online-kart og bildevisningar frå Instagram under Sunnivaseglasen. Ein er óg komen langt med ein spanande dialog med Schibsted for automatisert annonsering på mobil og nett. Det er firmaet Reine Linjer ved Arne Vidar Brekke som står for det nett-tekniske i nært samarbeid med dagleg leiar.

## Utvikling i medlemstal

Som nevnt har Kinn kommune gjort vedtak om innmelding i stiftinga. Etter regionreforma har dermed stiftinga fått 25 medlemskommunar som samla har eit innbyggjartal på godt over ein halv million innbyggjarar.



## Økonomi

Resultatet frå 2020 viser eit underskot på – 89 279 kr. Det negative resultatet skuldast dels ei medviten investering i digitale oppgraderingar. Trass at stiftinga på oppmoding har gjennomført ei vesentleg utviding av verkeområde, tidsperiode og aktivitetssomfang har ikkje driftsinntektene til stiftinga vorte justert tilsvarende. Det bør no arbeidast for å få til eit vesentleg større budsjett til både marknadsføring og arrangementstøtte, slik at Stiftinga Kystkultur.no! kan nå ut til eit enda større publikum og vera synleg på langt fleire arenaer. Skal kystkulturarbeidet til stiftinga nå ut til dei yngre lyt det óg finnast midlar til auka digital marknadsføring på nett og annonsering i sosiale media. Det burde óg funnest midlar til å tilsetja ein person til som kan bidra i arbeidet til stiftinga. Då kan fleire folk få kjennskap til alle dei flotte arrangementa kringom i regionen, og dessutan leggja igjen pengar til dei frivillige laga og organisasjonane som er arrangørar.

## Oppsummering av årsmeldinga

Stiftinga Kystkultur no! har kontor i Bergen. Stiftinga Kystkultur no! er ei ikkje næringsdrivande stifting med føremål å stimulere og virke som pådrivar og fagleg instans for utvikling av kystkulturtilbod og koordinering av kystkultur i Vestlandsregionen.

Styret meiner at årsregnskapet gjev eit rettsvisande bilete av verksemda sine eigedeler og gjeld, finansielle stilling og resultat. Årsregnskapet for 2020 er satt opp under føresetnad av framleis drift. Det vert hermed stadfesta at føresetnaden om framleis drift er til stades.

Styret meiner arbeidsmiljøet i selskapet er tilfredsstillande. Det har ikkje vore skader eller ulykker i 2020.

Verksemda har ein tilsett. Det nye styret er sett saman av tre menn og to kvinner, samt ein mann og ei kvinne som varamedlem. Styret har ut frå ei vurdering av tall tilsette og stillingskategorier ikkje funne det naudsynt å setja i verk spesielle tiltak med omsyn til likestilling.

Verksemda forureinar ikkje det ytre miljø.

Bergen, 1. februar 2021

Sara Hamre Sekkingstad  
styreleiar

Symphorien Pombe  
styremedlem

Erik Vangsnes  
styremedlem

Gaute Epland  
styremedlem

Kristine Dahl  
styremedlem

Kjell Magnus Økland  
dagleg leiar

**Kystkultur.no**



Dokumentet er signert med Visma Addos digitale signeringstjeneste.  
Underskriftene i dette dokumentet er juridisk bindende. Underskrivernes identitet er registrert og oppført nedenfor.

"Med underskriften min bekrefter jeg innholdet i det ovenstående dokumentet."



Serienummer: 9578-5995-4-217542

Økland, Kjell Magnus

19-02-2021 14:46



Serienummer: 9578-5998-4-2169953

Pombe, Symphorien

19-02-2021 18:29



Serienummer: 9578-5993-4-2092492

Dahl, Kristine

01-03-2021 09:21



Serienummer: 9578-5993-4-2890666

Sekkingstad, Sara Hamre

05-03-2021 14:20



Serienummer: 9578-5993-4-3125664

Vangsnes, Erik

07-03-2021 22:00



Serienummer: 9578-5995-4-190592

Epland, Gaute Straume

08-03-2021 11:36

Dette dokumentet er underskrevet digitalt med Visma Addos signeringstjeneste. Signeringssertifikatene i dette dokumentet er sikre og godkjent med den matematiske hash-koden til det originale dokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstempelt med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. Alle kryptografiske signeringssertifikater er innebygget i denne PDF-en i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

#### Slik kan du verifisere at dokumentet er originalt

Dette dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at dokumentet er sertifisert av Visma Addos signeringstjeneste. Dette er garantien din for at innholdet i dokumentet er uendret.

Du har muligheten til å verifisere de kryptografiske signeringssertifikatene i dokumentet med Visma Addos validator på denne nettsiden <https://vismaaddo.net/WebAdmin/#/NemIdValidation>



I tillegg til dette dokumentet, kan ett eller flere dokumenter og vedlegg være tilknyttet transaksjonen. Alle dokumentene som inngikk i transaksjonen står oppført nedenfor. Hendelsesloggen beskriver underskriftshendelser i forbindelse med signering av dokumentet.

## Dokumenter i transaksjonen

### **Dette dokumentet**

22769\_Årsmelding 2020.pdf

### **Andre dokumenter i transaksjonen**

22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF

Dokumentene og vedleggene ovenfor er sendt i underskrevet form til alle parter via e-post eller som en lenke for nedlasting. Underskriveren er ansvarlig for å laste ned og lagre dokumenter og vedlegg sikkert.

### **Last ned dokumenter**

Dersom du, som underskriver, mottar en lenke for å laste ned dokumentene, vil de være tilgjengelig i 10 dager etter underskrift før de slettes fra Visma Addo.

## Hendelseslogg for dokument

### Hendelseslogg for dokumentet

2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Sara Hamre Sekkingstad  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Kristine Dahl  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Gaute Epland  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Erik Vangsnes  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Symphorien Pombe  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 14:45 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 14:46 Økland, Kjell Magnus har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5995-4-217542)  
  
2021-02-19 14:46 Alle dokumenter er signert av Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 18:28 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Symphorien Pombe  
2021-02-19 18:29 Pombe, Symphorien har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med BankID Norge (Unikt ID: 9578-5998-4-2169953)  
  
2021-02-19 18:29 Alle dokumenter er signert av Symphorien Pombe  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Sara Hamre Sekkingstad)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Kristine Dahl)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Gaute Epland)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Erik Vangsnes)  
2021-03-01 09:20 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Kristine Dahl  
2021-03-01 09:21 Dahl, Kristine har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-2092492)  
  
2021-03-01 09:21 Alle dokumenter er signert av Kristine Dahl  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Sara Hamre Sekkingstad)  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Gaute Epland)  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Erik Vangsnes)  
2021-03-05 14:19 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Sara Hamre Sekkingstad  
2021-03-05 14:20 Sekkingstad, Sara Hamre har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-2890666)  
  
2021-03-05 14:20 Alle dokumenter er signert av Sara Hamre Sekkingstad  
2021-03-07 21:51 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Erik Vangsnes  
2021-03-07 22:00 Vangsnes, Erik har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-3125664)  
  
2021-03-07 22:00 Alle dokumenter er signert av Erik Vangsnes  
2021-03-08 11:35 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Gaute Epland  
2021-03-08 11:36 Epland, Gaute Straume har signert dokumentet 22769\_Årsmelding 2020.pdf med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5995-4-190592)  
  
2021-03-08 11:36 Alle dokumenter er signert av Gaute Epland



# Årsregnskap for 2020

Stiftinga Kystkultur no!

Org.nr. 980 898 644

## Innhold

Resultatregnskap

Balanse

Noter

Utarbeidet av Azets Insight AS



# Stiftinga Kystkultur no!

## Resultatregnskap for 2020

	Note	2020	2019
Driftsinntekter egne arrangementer		0	151 512
Innmelding i Stiftinga Kystkultur no!		10 000	70 000
Driftstilskudd		1 250 000	1 250 000
Andre tilskudd		51 000	8 600
Sponsorinntekter		100 000	115 000
Andre driftsinntekter		1 129	6 931
<b>Sum driftsinntekter</b>		<b>1 412 129</b>	<b>1 602 043</b>
Lønnskostnad m.m	1, 3	-582 557	-722 873
Avskrivning på driftsmidler og immaterielle eiendeler	7	-240 100	-187 426
Utstyr og rekvisita		-35 170	-29 556
Honorar arrangement		-7 595	-162 848
Tilskot til arrangement		-100 000	-115 000
Andre honorar	4	-94 974	-116 598
Administrasjonskostnader		-8 093	-10 512
Reisekostnader		-7 099	-62 515
Kurs og møteutgifter		-8 329	-9 483
Marknadsføring, produktutvikling		-413 722	-316 413
Annen driftskostnad		-5 548	-5 753
<b>Sum driftskostnader</b>		<b>-1 503 187</b>	<b>-1 738 977</b>
<b>Driftsresultat</b>		<b>-91 058</b>	<b>-136 934</b>
Renteinntekt		579	721
		1 298	0
<b>Resultat av finansposter</b>		<b>1 877</b>	<b>721</b>
Annen rentekostnad		-98	0
<b>Sum finanskostnader</b>		<b>-98</b>	<b>0</b>
<b>Netto finans</b>		<b>1 779</b>	<b>721</b>
<b>Årsresultat</b>		<b>-89 279</b>	<b>-136 213</b>
<b>Overføringer</b>			
Udekket tap		-45 144	0
Overføring annen egenkapital		-44 136	-136 213
<b>Sum</b>		<b>-89 279</b>	<b>-136 213</b>



**Stiftinga Kystkultur no!**  
**Balanse pr. 31. desember 2020**

	Note	2020	2019
<b>EIENDELER</b>			
<b>Anleggsmidler</b>			
<b>Immaterielle eiendeler</b>			
Forskning og utvikling	7	0	187 425
		<u>0</u>	<u>187 425</u>
<b>Sum anleggsmidler</b>		<u>0</u>	<u>187 425</u>
<b>Omløpsmidler</b>			
Kundefordringer		10 000	10 000
Andre fordringer		3 775	50 741
<b>Sum fordringer</b>		<u>13 775</u>	<u>60 741</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende	5	335 901	367 540
<b>Sum bankinnskudd, kontanter og lignende</b>		<u>335 901</u>	<u>367 540</u>
<b>Sum omløpsmidler</b>		<u>349 676</u>	<u>428 281</u>
<b>Sum eiendeler</b>		<u><u>349 676</u></u>	<u><u>615 706</u></u>

**Stiftinga Kystkultur no!**  
**Balanse pr. 31. desember 2020**

	Note	2020	2019
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>Egenkapital</b>			
<b>Innskutt egenkapital</b>			
Grunnkapital	6, 8	280 000	280 000
<b>Sum innskutt egenkapital</b>		<b>280 000</b>	<b>280 000</b>
<b>Opptjent egenkapital</b>			
Annen egenkapital	8	0	44 136
Udekket tap		-45 144	0
<b>Sum opptjent egenkapital</b>		<b>-45 144</b>	<b>44 136</b>
<b>Sum egenkapital</b>	8	<b>234 857</b>	<b>324 136</b>
<b>Gjeld</b>			
<b>Kortsiktig gjeld</b>			
Leverandørgjeld		1 519	53 673
Trekk og gjeld til det offentlige		54 327	72 023
Annen kortsiktig gjeld		58 974	165 873
<b>Sum kortsiktig gjeld</b>		<b>114 820</b>	<b>291 570</b>
<b>Sum gjeld</b>		<b>114 820</b>	<b>291 570</b>
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>		<b>349 676</b>	<b>615 706</b>

Bergen, 19.02.2021  
 Styret i Stiftinga Kystkultur no!

\_\_\_\_\_  
 Sara Hamre Sekkingstad  
 Styrets leder

\_\_\_\_\_  
 Gaute Straume Epland  
 Styremedlem

\_\_\_\_\_  
 Kristine Dahl  
 Styremedlem

\_\_\_\_\_  
 Symphorien Pombe  
 Styremedlem

\_\_\_\_\_  
 Erik Vangsnes  
 Styremedlem

\_\_\_\_\_  
 Kjell Magnus Økland  
 Daglig leder

# Noter 2020

## Stiftinga Kystkultur no!

### Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen ett år etter balansedagen

### Skatt

Stiftinga Kystkultur no! er fritatt fra skatteplikt etter § 2-32 i Skatteloven.

Stiftinga Kystkultur no! har ikke endret regnskapsprinsipp fra 2019 til 2020.

### Note 1 - Lønnskostnader etc

	2020	2019
Lønn	499 599	659 085
Arbeidsgiveravgift	67 791	95 645
Pensjonskostnader	11 502	11 308
Andre relaterte ytelser / Refusjoner	3 665	-43 165
<b>Sum</b>	<b>582 557</b>	<b>722 873</b>

Foretaket har sysselsatt 1 årsverk i regnskapsåret.

### Note 2 - Ytelser til ledende personer

	Lønn	Pensjonsforpliktelse	Annen godtgjørelse
Ytelser til daglig leder	530 988	0	0
<b>Ledende person</b>			
Styret			37 800
Total ytelse til andre ledende personer	0	0	37 800

### Note 3 - Obligatorisk tjenstepensjon

#### Obligatorisk tjenstepensjon

Selskapet har pensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenstepensjon. Pensjonsforpliktelsen er ikke balanseført, og den årlige pensjonspremien anses som årets pensjonskostnad.

### Note 4 - Revisjon

	2020	2019
Revisjon	12 500	10 750
Andre tjenester	0	0
<b>Sum godtgjørelse til revisor</b>	<b>12 500</b>	<b>10 750</b>

### Note 5 - Bankinnskudd

I posten for bankinnskudd inngår egen konto for bundne skattetreksmidler med kr 42 950. Skyldig skattetrekk er kr 38 161.

## Note 6 - Grunnkapital

Kapitalen består av tilskudd fra:

Austrheim kommune	10.000
Bergen kommune	10.000
Bømlo kommune	10.000
Fedje kommune	10.000
Fitjar kommune	10.000
Gulen kommune	10.000
Hordaland og Bergen reiselivslag	10.000
Hordaland Fylkeskommune	50.000
Lindås kommune	10.000
Masfjorden kommune	10.000
Meland kommune	10.000
Os kommune	10.000
Osterøy kommune	10.000
Radøy kommune	10.000
Stord kommune	10.000
Sveio kommune	10.000
Tysnes kommune	10.000
Øygarden kommune	10.000
Austevoll kommune	10.000
Askøy kommune	10.000
Sund kommune	10.000
Fjell kommune	10.000
Kvinnherad kommune	10.000
Fusa kommune	10.000
<b>Sum:</b>	<b>280.000</b>

Ingen endring i grunnkapital i 2020.

## Note 7 - Spesifikasjon av immaterielle eiendeler

	<b>FoU</b>
Anskaffelseskost 01.01.2020	374 851
Tilgang i året	52 675
Avgang i året	0
<b>Anskaffelseskost 31.12.2020</b>	<b>427 526</b>
Avskr., nedskr. og rev. nedskr 01.01.2020	-187 426
Akkumulerte avskr. 31.12.2020	-427 526
<b>Balanseført verdi pr. 31.12.2020</b>	<b>0</b>
Årets avskrivninger	-240 100
Økonomisk levetid	2 år
<b>Avskrivningsplan: Lineær</b>	<b>50 %</b>

## Note 8 - Egenkapital

	<b>Aksjekapital</b>	<b>Annen EK</b>	<b>Udekket tap</b>	<b>Sum</b>
Egenkapital 01.01.2020	280 000	44 136		324 136
Årets resultat		-44 136	-45 144	-89 279
<b>Egenkapital 31.12.2020</b>	<b>280 000</b>	<b>0</b>	<b>-45 144</b>	<b>234 857</b>



Dokumentet er signert med Visma Addos digitale signeringstjeneste.  
Underskriftene i dette dokumentet er juridisk bindende. Underskrivernes identitet er registrert og oppført nedenfor.

“Med underskriften min bekrefter jeg innholdet i det ovenstående dokumentet.”



Serienummer: 9578-5995-4-217542

Økland, Kjell Magnus

19-02-2021 14:45



Serienummer: 9578-5998-4-2169953

Pombe, Symphorien

19-02-2021 18:28



Serienummer: 9578-5993-4-2092492

Dahl, Kristine

01-03-2021 09:19



Serienummer: 9578-5993-4-2890666

Sekkingstad, Sara Hamre

05-03-2021 14:19



Serienummer: 9578-5993-4-3125664

Vangsnes, Erik

07-03-2021 21:51



Serienummer: 9578-5995-4-190592

Epland, Gaute Straume

08-03-2021 11:35

Dette dokumentet er underskrevet digitalt med Visma Addos signeringstjeneste. Signeringssertifikatene i dette dokumentet er sikre og godkjent med den matematiske hash-koden til det originale dokumentet.

Dokumentet er låst for endringer og tidsstempelt med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. Alle kryptografiske signeringssertifikater er innebygget i denne PDF-en i tilfelle de skal brukes til validering i fremtiden.

#### Slik kan du verifisere at dokumentet er originalt

Dette dokumentet er beskyttet med et Adobe CDS-sertifikat. Når du åpner dokumentet i Adobe Reader, kan du se at dokumentet er sertifisert av Visma Addos signeringstjeneste. Dette er garantien din for at innholdet i dokumentet er uendret.

Du har muligheten til å verifisere de kryptografiske signeringssertifikatene i dokumentet med Visma Addos validator på denne nettsiden <https://vismaaddo.net/WebAdmin/#/NemIdValidation>



I tillegg til dette dokumentet, kan ett eller flere dokumenter og vedlegg være tilknyttet transaksjonen. Alle dokumentene som inngikk i transaksjonen står oppført nedenfor. Hendelsesloggen beskriver underskriftshendelser i forbindelse med signering av dokumentet.

## Dokumenter i transaksjonen

### Dette dokumentet

22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF

### Andre dokumenter i transaksjonen

22769\_Årsmelding 2020.pdf

Dokumentene og vedleggene ovenfor er sendt i underskrevet form til alle parter via e-post eller som en lenke for nedlasting. Underskriveren er ansvarlig for å laste ned og lagre dokumenter og vedlegg sikkert.

### Last ned dokumenter

Dersom du, som underskriver, mottar en lenke for å laste ned dokumentene, vil de være tilgjengelig i 10 dager etter underskrift før de slettes fra Visma Addo.

## Hendelseslogg for dokument

### Hendelseslogg for dokumentet

2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Signeringsprosessen er påbegynt  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Sara Hamre Sekkingstad  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Kristine Dahl  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Gaute Epland  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Erik Vangsnes  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Symphorien Pombe  
2021-02-19 14:17 Det har blitt sendt et varsel til Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 14:44 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 14:45 Økland, Kjell Magnus har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5995-4-217542)  
2021-02-19 14:46 Alle dokumenter er signert av Kjell Magnus Økland  
2021-02-19 18:27 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Symphorien Pombe  
2021-02-19 18:28 Pombe, Symphorien har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med BankID Norge (Unikt ID: 9578-5998-4-2169953)  
2021-02-19 18:29 Alle dokumenter er signert av Symphorien Pombe  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Sara Hamre Sekkingstad)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Kristine Dahl)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Gaute Epland)  
2021-02-26 14:17 Påminnelse er sendt til mottaker (Erik Vangsnes)  
2021-03-01 09:18 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Kristine Dahl  
2021-03-01 09:19 Dahl, Kristine har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-2092492)  
2021-03-01 09:21 Alle dokumenter er signert av Kristine Dahl  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Sara Hamre Sekkingstad)  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Gaute Epland)  
2021-03-05 14:18 Påminnelse er sendt til mottaker (Erik Vangsnes)  
2021-03-05 14:19 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Sara Hamre Sekkingstad  
2021-03-05 14:19 Sekkingstad, Sara Hamre har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-2890666)  
2021-03-05 14:20 Alle dokumenter er signert av Sara Hamre Sekkingstad  
2021-03-07 21:48 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Erik Vangsnes  
2021-03-07 21:51 Vangsnes, Erik har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5993-4-3125664)  
2021-03-07 22:00 Alle dokumenter er signert av Erik Vangsnes  
2021-03-08 11:34 Dokumentet ble åpnet via lenken som ble sendt til Gaute Epland  
2021-03-08 11:35 Epland, Gaute Straume har signert dokumentet 22769\_1a\_Årsregnskap 2020 til signering.PDF med Norwegian Mobile BankID (Unikt ID: 9578-5995-4-190592)  
2021-03-08 11:36 Alle dokumenter er signert av Gaute Epland

Til styret i Stiftinga Kystkultur no!

## UAVHENGIG REVISORS BERETNING FOR 2020

### Uttalelse om revisjonen av årsregnskapet

#### *Konklusjon*

Vi har revidert årsregnskapet for Stiftinga Kystkultur no! som viser et underskudd på NOK 89 279. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2020, resultatregnskap, for regnskapsåret avsluttet per denne datoen, og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening er det medfølgende årsregnskapet avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2020, og av dets resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

#### *Grunnlag for konklusjonen*

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder de internasjonale revisjonsstandardene (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet i Revisors oppgaver og plikter ved revisjon av regnskapet. Vi er uavhengige av stiftelsen slik det kreves i lov og forskrift, og har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

#### *Øvrig informasjon*

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon. Øvrig informasjon består av årsberetningen, men inkluderer ikke årsregnskapet og revisjonsberetningen.

Vår uttalelse om revisjonen av årsregnskapet dekker ikke øvrig informasjon, og vi attesterer ikke den øvrige informasjonen.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon med det formål å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom øvrig informasjon og årsregnskapet, kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen, eller hvorvidt den tilsynelatende inneholder vesentlig feilinformasjon. Dersom vi hadde konkludert med at den øvrige informasjonen inneholder vesentlig feilinformasjon er vi pålagt å rapportere det. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

#### *Styret og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder (ledelsen) er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet i samsvar med lov og forskrifter, herunder for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.





Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avviklet.

#### *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon blir vurdert som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke økonomiske beslutninger som brukerne foretar basert på årsregnskapet.

Det henvises til <https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger> som inneholder en beskrivelse av revisors oppgaver og plikter.

#### **Uttalelse om øvrige lovmessige krav**

##### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at ledelsen har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av stiftelsens regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

##### *Konklusjon om utdeling og forvaltning*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon", mener vi at stiftelsen er forvaltet og utdelinger er foretatt i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Bergen, 08.03.2021

Collegium Revisjon AS

Foretaksregisteret: NO 988 782 041 MVA

*Monica Anthonisen*

Monica A. Anthonisen

statsautorisert revisor



# Brønnøysundregistra

Organisasjonsnr: 980 898 644  
STIFTINGA KYSTKULTUR NO!  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Dykkar ref.	Vår ref.	Dato
AR420655551	2021154575	18.03.2021

## Stadfesting om godkjend årsrekneskap for rekneskapsåret 2020

Vi har den 16.03.2021 motteke og godkjend årsrekneskapen.  
Årsrekneskapen er offentlig tilgjengeleg, jf. rekneskapslova § 8-1.

Du må kontrollere at desse opplysningane er riktige:

Årsrekneskapen for rekneskapsåret 2020 gjeld perioden frå 01.01.2020 til 31.12.2020.

Verksemda er i perioden ikkje registrert som morselskap i konsern.

Viss opplysningane er feil, må du sende ny korrigert årsrekneskap.

Du kan klage på dette vedtaket. Klagefristen er tre veker frå du tok imot vedtaket. Klageinstansen er Finansdepartementet, men du må sende klaga skriftleg til Rekneskapsregisteret. Det må gå fram kva vedtak du klagar på og klaga må vere grunngitt, datert og underskrive av klagaren. Sjå forvaltingslova §§ 28-32. Du har rett til å sjå dokumenta i saka, men med dei avgrensingane som følger av forvaltingslova §§ 18 og 19.

Gratis tilgang til norske lover finn du på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no).

Med helsing  
Brønnøysundregistra - Rekneskapsregisteret

Narve Amundsen (sign.)  
fagdirektør

---

### Brønnøysundregistra

Postadresse: Rekneskapsregisteret, Postboks 900, 8910 Brønnøysund  
Telefonar: Opplysningstelefonen 75 00 75 00 Administrasjonen 75 00 75 09 Telefaks 75 00 75 05  
E-post: [firmapost@brreg.no](mailto:firmapost@brreg.no) Internett: [www.brreg.no](http://www.brreg.no)  
Organisasjonsnummer: 974 760 673